



Os Maskinservice AS
Skipavika 96
5218 NORDSTRØNO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1769 - 19/6855

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
29.03.2019

Godkjenning - Løyve til etablering av veg - gbnr 41/28, 67 Skarpeneset

Administrativt vedtak. Saknr: 82/2019

Tiltakshavar: Ann-Therese Strønen

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av veg til gbnr 41/28, 67.

Søknaden omfattar etablering av vegtilkomst, grunn- og terrengarbeid, leidningsnett, samt opparbeiding av avkøyrsløp, og parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar dispensasjon frå føremål LNF i arealdelen til kommuneplanen. Dispensasjonen for bruksendring frå hytte til bustad og for etablering av veg i LNF-område vart gjeve i politisk vedtak i sak 78/2018 den 16.10.18. Samtykke frå grunneigar av gbnr 41/2 til revidert vegtrase datert 17.03.19 ligg føre i saka.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.09.18 og supplert 22.03.19 og 28.03.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 15.11.18, 08.03.19. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar motteke her 22.03.19 og profilteikningar på veg motteke 28.03.19. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå føremål LNF i arealdelen til kommuneplanen. Dispensasjonen vart gjeve i politisk vedtak i sak 78/2018 den 16.10.18.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 25.01.19, motteke her 20.03.19. Vegen er plassert på gbnr 41/2 og grunneigar har signert avtale med revidert vegtrase den 17.03.19.

Vatn og avløp (VA)

Det er ikkje søkt om løyve til tilknytning til kommunalt vatn, etablering av avlaup og utsleppsløyve i saka. Det skal søkjast om VA-anlegg i samband med bruksendring frå hytte til bustad.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Det ligg føre avtale om vegrett over gbnr 41/2 av 27.03.18.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser vegtrase, parkering og avkøyrsløse. Snitt-teikningar på veg som viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng vart motteke 28.03.19.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har administrasjonen vurdert tiltaket i samsvar med pbl. Stigning på vegen er mindre enn 1:8 som tilsvara tillate stigningsforholda på under 12,5% og vil holde ein jevn stigning.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for grunn- og terrengarbeid, oppføring av veg, legging av VA-leidningar i grunn til bustad på gbnr 41/2, 41/28, 67 med parkering på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 25.01.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal utformast i samsvar med profilteikningar motteke her 28.03.19 og situasjonskart motteke 20.03.19 .
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.»

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1769

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Samtykke om godkjenning av ny revidert vegtrasè
Erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan GBNR 41/28, 67
Vegprofilart vegtilkomst til Gbnr 41/28,67 Skarpenesvegen
Skarpenesvegen 114

Kopi til:

Ann-Therese Strønen	Isdal 57	5916	ISDALSTØ
---------------------	----------	------	----------

Mottakarar:

Os Maskinservice AS	Skipavika 96	5218	NORDSTRØNO
---------------------	--------------	------	------------